



Kystverket
Postboks 1502
6025 ÅLESUND

Vår referanse
19/878 20/3670

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Bernt Brandal

Dato
25.03.2020

Avhending av Brandal Fiskerihamn

Vi viser til vårt brev av 05.03.20 og dykkar svar av 17.03.20 (ref 2019/545-33).

De skriv i brevet at Kystverket forstår at Hareid kommune ikkje er interessert i å overta Brandal Fiskerihamn. Dette er ikkje i samsvar med vårt brev av 05.03.20. **I dette brevet ber Hareid kommune om tilbod på å overta Brandal Fiskerihamn etter same prinsipp som ved overdraging til fylkeskommunane.**

Utdrag av brevet.

«Med dette ber HK om eit tilbod frå Kystverket på overtaking av Brandal fiskerihamn etter same prinsipp som ved overdraging til fylkeskommunen. Når vi erkjenner at Brandal hamn ikkje er direkte omsetteleg til private aktørar er dette ei framtidsretta løysing til beste for alle partar.

Hareid kommune ynskjer at Kystverket vurderer saka og godkjenner forslaget. Det er liten tvil om at dette er god støtte til fiskerinæringa. Framfor alt vert det ei ordning som medfører ro rundt avhendinga.»

Vi ber difor Kystverket om tilbod på å overta Brandal Fiskerihamn etter prinsippet skissert i vårt brev av 05.03.20

Med helsing

Bernt Brandal
ordførar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur(